

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 3. september 2019

Stad: Aurdalshytta på Fjellsætra, kl. 18.30

Til stades: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Simen Elias Nordbrønd Myklebust, Bjørg Djupvik Grebstad, Monika Breivik Orre, Janne Svindseth, Liv Norli Hole og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte diakon Kristin Kjemphol Lohne

May Lisbeth Hovlid Aurdal opna møtet. Ho las utdrag frå ein tekst frå kirken.no som handla om at kyrkja har eit rom for alle. På ein svært interessant måte knytte ho teksten opp mot eigne livserfaringar og ønsket om å engasjere seg i kyrkja og mot diakoniplanen som soknerådet har utarbeida.

I staden for avslutning til sommaren markerte soknerådet oppstart etter ferien på Aurdalshytta på Fjellsætra. Bjørg Grebstad og Torbjørn Støylen hadde kjøpt inn grillmat og brus og serverte heimelaga salatar. Ein av vertskapet, Jan Kåre Aurdal, stod for grilling og servering av velsmakande grillmat. Janne Svindset hadde baka ei god kake.

Etter måltidet starta soknerådet å handsame følgjande saker:

Sak 17/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Sakliste og innkalling vert godkjent.

Sak 18/19 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 14.05.2019

Vedtak: Referatet vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 19/19 Besøk av ny diakon, Kristin Kjemphol Lohne


Kristin Kjemphol Lohne var invitert til møtet. Ho presenterte seg sjølv og fortalte litt om seg sjølv og korleis ho ser på arbeid som ny diakon i Sykkylven. Det var ein god og interessant presentasjon frå ei smilande og positiv ung kvinne, og soknerådet ser fram til eit godt samarbeid framover.

Sak 20/19 Val – oppgåver for soknerådsmedlemane m.m.

Søndag den 8. september er det val i kyrkja. Då stiller May Lisbet Hovlid Aurdal og Irene Hørte Høybakk.

På mandag den 9. september opnar vallokalet kl. 10.00 og stengjer kl. 20.00.

Vedtak: Det vart valt tilstrekkeleg med valvakter og teljarar. Sjå eiga liste.



Sykylven sokneråd

Sak 21/19

Søknad frå Kirkens SOS om jubileumsgåve

I 2019 er det 40 år sidan Kirkens SOS Møre og Romsdal si døgnopne kriseteneste vart oppretta. For å oppretthalde og utvikle tenesta er Kirkens SOS avhengig av støtte frå både kyrkjelydar og offentlege institusjonar.

I anledning jubileumsåret 2019 søker dei difor Sykkylven kyrkjelyd om å støtte Kirkens SOS Møre og Romsdal med ei jubileumsgåve.

Vedtak: Sykkylven sokneråd set stor pris på det gode diakonale arbeidet Kirkens SOS gjer og har gjort med trøyst og hjelpe, også i vår kyrkjelyd. Det er fleire frivillige frå Sykkylven kyrkjelyd med i Kirkens SOS, noko vi set stor pris på. Soknerådet ønskjer å gi ei jubileumsgåve på kr 10.000,-. Midlane vert tatt frå innsamla midlar til kyrkjelydsarbeidet.

Sak 14/19

OPPFØLGING: Korleis presenterer vi oss som kyrkjelyd?


Soknerådet tok opp tråden frå visjonssamlinga frå 2017.

Forsлага i tidlegare handsaming av sak 14/19 vart gått gjennom på nytt, og forslaga var som følgjer:

- Bruke profesjonell marknadsførar, og gjerne utfordre nokon frå kyrkjelyden med erfaring og kunnskap om dette til å hjelpe.
- Kyrkjelyden viser nestekjærleik, gjestfridom og inspirerer familie, venner, naboar, kollegaer og kjente til å kome til kyrkja.
- Rollups, infoskjermar i våpenhuset, men forslag også til infoskjermar på kyrkjekontoret.
- Sosiale media.
- Informasjonsfilm om kva som skjer i kyrkja, utfordre konfirmantar til dette arbeidet.
- Bruke Sykkylvsbladet meir aktivt og invitere dei til å skrive reportasjar om dei ulike aktivitetane som skjer i kyrkja.
- Lage ein medieplan som spreier reportasjane utover året.
- Foto/video-gruppe blant konfirmantane.
- Simen kan lage fleire presentasjonsfilmar.
- Presentasjonsfilm om kva som skjer i kyrkja frå videokanonane som vert synt før gudstenesta startar.

I tillegg kom det fram følgjande nye tankar i dagens soknerådsmøte:

- Lage invitasjonar/informasjonsark som kan deles ut/stilles ut i kyrkjetoget og våpenhuset. Tanken er at det er lett å ta med og lese og hugse på.
- Bruke glasmonter ute meir aktivt.
- Dele ut informasjon om aktuelle tilbod (babysang) i dåpssamtalane.
- Informere/oppmode om at dersom born er trygge kan dei gå til søndagsskule aleine, eller med ein forelder.



Sykylven sokneråd

- Lage videosnuttar i forkant av gudstenesta med intervju med tigeren og oppmoding om å kome til gudsteneste.
- Løfte frem det uformelle arbeidet, som t.d. møte mellom menneske frå kyrkjelyden som møter andre menneske på arbeidsplassen eller i andre sosiale samanhengar.
- Arbeide med løyve frå føresette til born i dei ulike aktivitetane for å kunne ta og bruke bilet.

Vedtak: Soknerådet oppmodar staben og leiarar til å ta innspela vidare for iverksetting. Soknerådet oppmodar staben og leiarar om spesielt fokus på marknadsføring av kyrkja sine aktivitetar.

Orienteringssaker:

- Orientering frå staben si samling. Soknerådet ønskjer gjerne at notat som vart utarbeida frå samlinga kan kome soknerådet til vitande.
- Søknad frå North-South Partnership Aid (NSPAid) om kirkeoffer til eit prosjekt i Kenya
- Prostigrenser: Vedtak i BDR i høve soknerådet sitt høyringssvar.

Referatsaker:

- Møte i BUF, mail av 25.06.2019.

Eventuelt:

- **Neste soknerådsmøtet vert 15. oktober 2019 kl. 19.00.** Det gamle soknerådet held felles møte med det nyvalde soknerådet.
- Det vart lagt fram eit innspel om at aktivitetane til barne- og ungdomsarbeidet ikkje skulle koste noko. Soknerådet ber denne tanken vidare til det nye soknerådet.
- Rekrutteringsbehov og prestemangel : Det vart lagt fram eit innspel om at ein bør halde augene opne for at ein kan oppfordre til arbeid i kyrkja allereie frå konfirmasjonsalder.

Referent: Knut Henning Aursnes